

Klare sjølv!

Saman med dei andre barnehagane i Ørsta kommune har vi eit utviklingsarbeid som går over to år. Dette vert kalla eit Re-komp arbeid og er eit samarbeid med Høgskulen i Volda. Felles fokus på utviklingsarbeidet er “livsmestring”.

Livsmestring kan definerast som «å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å håndtere medgang, motgang, personlige utfordringer, alvorlige hendelser, endringer og konflikter på en best mulig måte, samt å skape en trygghet og tro på egne evner til å mestre også i fremtiden.» (LNU,2017).

Personalet vil få kompetanseheving gjennom studiedagar, felles litteratur, refleksjon og utøving i praktisk pedagogisk arbeid for å støtte barna i utviklinga deira.

Tema for arbeidet har vi valt å kalle “KLARE SJØLV!” Vi kjem til å ha fokus på den vaksne si rolle som samspelpartner, motivator og tilretteleggjar for at barna skal klare sjølv, kjenne glede og meistring.

Dette vil vi skal skje i samarbeid med heimane. Det vil skje i det daglege samarbeidet, foreldresamtalar og på foreldremøter med ulike temaer. Det vil komme informasjon på kid-plan om fokusområde og korleis de som foreldre kan hjelpe barnet dykkar til å klare sjølv. I første omgang hadde alle fokus på måltid, på vårparten 2025 vert fokuset på garderobesituasjon.

Vi vil at barna skal danne eit godt grunnlag til å stå aleine, i ei gruppe og i samfunnet. Med stabile og trygge vaksne, både heime og i barnehagen, kan vi lage ein grunnmur for det.